



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Marianne Soleng	<b>Arkivkode:</b> FA-U31, TI-&58
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/1674	<b>Løpenr:</b> 18/8797
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	22.11.2018	057/2018
Kommunestyret	13.12.2018	056/2018

## Tilsynsavgift - sal av tobakksvarer etter tobakkskadeloven

### 13.12.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### KS- 056/2018 Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å krevja inn årleg tilsynsavgift jf. forskrift om registrering og tilsyn med tobakksvarer § 24.

Sats: 4500,- pr år for faste salsplassar og 1200,- pr. år for mellombelse salsplassar.

### 22.11.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FORM- 057/2018 Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å krevja inn årleg tilsynsavgift jf. forskrift om registrering og tilsyn med tobakksvarer § 24.

Sats: 4500,- pr år for faste salsplassar og 1200,- pr. år for mellombelse salsplassar.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å krevja inn årleg tilsynsavgift jf. forskrift om registrering og tilsyn med tobakksvarer § 24.

Sats: 4500,- pr år for faste salsplassar og 1200,- pr. år for mellombelse salsplassar.

### Dokument som ikkje er vedlagt:

Tobakkskadeloven

Forskrift om registrering og tilsyn med tobakksvarer (tobakksforskrifta)

### Kva saka gjeld:

Stortinget vedtok med virkning frå 01.01.2018 at alle verksemder som sel tobakksvarer og tobakksurrogat (t.d. e-sigarettar) må vera registrert i Tobakksalgsregisteret. Kommunen har fått i oppgåve å føra tilsyn med salet.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Regjeringa har teke utgangspunkt i alkohollova sin kontrollordning når dei laga tilsynsordninga for tobakk. Det vil difor vera naturleg at tilsyna vert utført av sals- og skjenkekontrollen i Kvam som Samnanger kommune har interkommunalt samarbeid med.

Sals- og skjenkekontrollen i Kvam har sagt seg villig til å gjennomføra tilsyn på vegne av Samnanger kommune. I 2018 var tilsyna gjennomført i Samnanger «inkludert i prisen» som kommunen betalte skjenkekontrollen.

I 2019 har me fått opplyst om at Skjenkekontrollen vil krevje kr. 280,- pr. gjennomførte tilsyn på plassar som allereie verty kontrollert i høve alkohol, og 530,- pr. kontroll for nye salsplassar.

Ordninga er frå staten si side føresett at skal vera sjølvfinansierande. Det vil seia at avgifta frå salstader skal dekkja alle kommunen sine kostnader med ordninga. I tobakksforskrifta står det at kommunen kan krevja inn ein årleg tilsynsavgift frå salsplassane.

Gebyret er sett med utgangspunkt i alkoholforskrifta sin forskrift. For faste salsplassar kan det krevjast inn 4500,- pr. år , og for kortvarige plassar 1200,-pr. år. Døme på kortvarige salsplassar er festivalar og gatekjøken som står oppstilt i sesong.

Dei fleste nabokommunane til Samnanger har vedteke å krevja inn satsane som ligg i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Føremålet med avgifta er å dekkja kostnadane med tilsyn, fagleg oppdateringar og eventuell sakshandsaming ved brot.